

Send oss sommarbilete.

27.06.2015



Rhododendron-hage i Øvre Halsane.

Sommaren er endeleg her, og vi på Uskedalssida ønskjer å krydra sommaren med kjekke sommarbilete i lesarbilete-spalta vår. Sommaren er ei tid det vert fotografert mykje, og årstida gjev store muligheter til variasjon i motiv. Derfor håpar vi lesarane våre vil dela med oss noko av det dei knipsar. Vi gleder oss!

Spalta med lesarbilete har vore ein suksess sidan vi starta med den. Responsen har vore god, og vi har fått inn mange kjekke bilete frå godt over 20 innsendarar. Første tida skifta vi bilete dagleg, men etter omlag 1 måned gjekk vi over til å presentera nytt bilete annakvar dag. Statistikken viser at mange kosar seg med bileta i spalta.

Sjølv om har eit bra lager, ønskjer vi å få inn gode bilete som viser sommarlege aktivitetar og sommarleg natur. Vi minner om at bileta bør ha langsida vassrett. Dei kan også vera kvadratiske. Bilete med langsida loddrett fungerer dårleg i vårt format.

Vi håpar nok ein gong på god respons, og bed om at bileta vert sendt til:

thordossland@gmail.com eller uskedal.utvikling@knett.no eller nokre av dei andre i redaksjonsgruppa som de finn i kolonna til venstre.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Einar Gjertsen